

PROTOKOLL**Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS****Møte: 1-2018****Tid: Fredag 8. juni 2017 kl. 09:15 – 09:30****Stad: Bergen, Hordaland fylkeskommune, møterom Sunnhordland****Til stades:**

Ordfører:	Karstein Totland, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Hallvard Oppedal, Jostein Borlaug
Rådmenn:	Ingen
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Forfall	Tom Kristian Thorsen, Jon Askeland


Sak 1/18	Godkjenning møteinnkalling og saksliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
Sak 2/18	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Per Lerøy og Stian Herøy vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 3/18	Godkjenning møteprotokoll 2-2017 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 2-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 4/18	Godkjenning av årsrekneskap 2017 Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 21. mars 2018: <i>Samrøystes vedtak:</i> <i>Styret godkjenner og signerer årsrekneskapet. Styret gjer framlegg om følgjande vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner årsrekneskap 2017, og at mindreforbruket på kr. 221.726,- vert sett av til pensjonsfondet.</i> Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner årsrekneskap 2017, og at mindreforbruket på kr 221.726,- vert sett av til pensjonsfondet.

Sak 5/18	<p>Godkjenning av årsmelding frå styret 2017</p> <p>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 21. mars 2018: <i>Samrøystes vedtak:</i> Styret godkjenner og signerer årsmelding. Styret gjer framlegg om følgjande vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner årsmelding frå styret for 2017.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner årsmelding frå styret for 2017.</p>
Sak 6/18	<p>Godtgjersle til revisor 2017 Vert lagt fram i møtet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner godtgjersle til revisor for 2017.</p>
Sak 7/18	<p>Val av vara til styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS Valnemna føreslår Aashild Halland til 2. varamedlem etter Audun Stusdal.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel Aashild Halland til 2. varamedlem i Nordhordland Utviklingsselskap IKS for perioden 2018-2019.</p>

Bergen, 8. juni 2018


Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS


Per Lerøy
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS


Stian Herøy
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS